



Arkivnr: 2014/23709-57

Saksbehandlar: Inge Edvardsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		05.09.2018
Fylkesutvalet		19.09.2018

### Samandrag

Hordaland fylkeskommune har motteke brev frå Statens vegvesen Region vest i e-post datert 22.06 gjeldande *Tilskudd til tiltak for økt sykkelbruk i kommuner og fylkeskommuner – invitasjon til å søke om midler for 2018*. Søknadsfrist for tilskotsordninga er 1. oktober 2018

Hordaland fylkeskommune har utforma søknad i samråd med Statens vegvesen, og søker med dette om tilskott til 5 prosjekt med ein samla søknadssum på kr. 13,355 mill. Den likelydande eigendelen vert finansiert over investeringsprogrammet for fylkesvegane (fylkesbudsjettet). Tiltaka i denne søknaden er berre ein del av den samla innsatsen knytt til auka sykkelbruk i fylket. For ein samla presentasjon av alle fysiske tiltak knytt til auka sykkelbruk som er i prosess blir det vist gjeldande «*Investeringsprogram for fylkesvegane og handlingsprogram for Miljøløftet (Plan og byggeprogram 2017)*», samt det kommande investeringsprogrammet for 2019.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at det er endringar i tilskotsordninga i og med at område som er omfatta av byvekstavtale/bymiljøavtale ikkje kan søke. Det er difor ikkje inngått samarbeid med Bergen kommune, fylkeskommunen kan heller ikkje søkje for fylkesvegar innafor Bergen kommune.

**Økonomi:** Finansiering over investeringsprogrammet for fylkesvegane.

**Klima:** Tiltaka skal leggje til rette for at fleire vel sykkel som transportmiddel, og såleis ha ein positiv innverknad på tilhøve som påverkar klimaet.

**Folkehelse:** Tiltaka legg til rette for at fleire kan sykle i det daglege, og såleis ha ein positiv innverknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Tiltaka det søkast om støtte til er lokalisert til to av regionsentra utpeika i «Regional plan for attraktive senter i Hordaland» og er òg knytt opp mot måla i regional transportplan som støttar opp om satsing i regionsentra

**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet meiner det er positivt å satse på tiltak som legg til rette for at fleire kan nytte sykkel trygt for å dekke sitt daglege transportbehov, og at desse søknadane legg til rette for det, i og med at dei er knytt til sentrumsområde i to av regionsentera i fylket.
2. Fylkesutvalet godkjenner søknaden, og godkjenner at eigendelen på kr. 13,335 mill. vert innarbeida i investeringsprogrammet for fylkesvegane. Prosjekta i prioritert rekkefølge:
  1. Sartorvegen fv. 209, Fjell kommune, delstrekning 4a
  2. Arefjordsvegen fv. 209, Fjell kommune, delstrekning 4b
  3. Hystadvegen fv. 61, Stord kommune
  4. Skilting og oppmerking Straume, Fjell kommune
  5. Sykkeltellar Borggata fv. 61, Stord kommune

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 22.08.2018

### Bakgrunn

I samband med Stortinget si handsaming av revidert nasjonalbudsjett i 2014 vart det oppretta ei tilskotsordning til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar. Samferdselsdepartementet har gitt Statens vegvesen i oppdrag å administrera tilskotsordninga, og den endeleg ramma for midlar som skal fordelast vert først kjent i det vedtekte statsbudsjettet.

Formålet med ordninga er å bidra til raskare gjennomføring av tiltak som betrar framkomme for dei som sykklar og går. Ordninga skal bidra til meir fokus på sykkeltilrettelegging og tiltak som gir auka sykkelbruk. Gjennom ordninga kan det søkast om midlar til fysiske tiltak innan:

- Gang- sykkelveg
- Sykkelparkering
- Oppmerking
- Skilting

Det må være vedteke reguleringsplan for tiltak der dette er eit krav.

Kommunar og fylkeskommunar som har inngått ein forpliktande sykkelbyavtale om auka sykkelsatsing vert prioritert i høve til tildeling av midlar. I Hordaland har fylkeskommunen og Statens vegvesen inngått sykkelbyavtaler med Bergen kommune, Stord kommune og Fjell kommune. Kommunane Os og Lindås er i prosess med å gjere tilsvarande politisk vedtak.

Vidare vil prosjekt som er knytt til trygg skoleveg bli prioritert i sykkeltilskotsordninga. Hordaland fylkeskommune har stort fokus på trygg tilkomst til skolen, og er mellom anna pådrivarar for å etablere «Hjartesonar» kring aktuelle skoler.

Sidan 2014 har total ramme og tildeling til Hordaland vore som følgjande:

Årstall	Midlar bevilga over statsbudsjettet	Tildeling til Hordaland
2014/15	95 mill. kr	11,2 mill kr
2016	162,5 mill.kr	13,35 mill kr
2017	122 mill. kr	8,07 mill kr
2017	76,4 mill. kr	5 mill. kr

### Prosjekta det vert søkt støtte til

Det er knytt fleire vilkår til prosjekt som er aktuelle for tilskotsordninga, mellom anna at prosjekt som krev reguleringsplan skal ha godkjent plan. Stader med sykkelbyavtale vert også prioriterte blant søkerane. I samråd med Statens vegvesen søkjer Hordaland fylkeskommune om tilskot til følgjande tiltak som vil vere med på å auke sykkelbruken:

Prioritering	Prosjekt	Kommune	Kostnad mill.	Søknadsbeløp mill.
1	G/S- anlegg, Sartorvegen, fv. 209, 4a	Fjell	8,4	4,2
2	G/S-anlegg, Arefjordsvegen, fv. 209, 4b	Fjell	11,52	5,76
3	G/S-anlegg, Hystadvegen, fv. 61	Stord	4,5	2,25
4	Skilting og oppmerking Straume	Fjell	2	1
5	Sykkelteljar, Borggata, fv. 61	Stord	0,25	0,125

## Finansiering

Invitasjonsbrevet set krav om 50% eigendel for alle tiltaka det vert søkt om. Samla kostnad for dei 5 prosjekta er kr. 26,67 mill. Det vert søkt om kr. 13,355 mill. i tilskot. Det er lagt opp til at den tilsvarande summen i eigendel vert innarbeida i fylkesbudsjettet for 2019.

## Rådmannen si tilråding

Formålet med tilskotsordninga er å stimulere fylkeskommunar og kommunar til ei raskare gjennomføring av tiltak som aukar framkomme for gåande og syklistar. I Hordaland er engasjementet stort for å legge til rette for syklistar, og fylkesrådmannen meiner prosjekta det er søkt om midlar til vil vere viktige bidrag til å raskare gjere sykkeltilbodet i fylket tryggare og meir attraktivt for brukarane. Fylkesrådmannen vil samstundes belønne og prioritere dei kommunane i fylket som har inngått forpliktande avtale i trepartssamarbeidet mellom kommune, fylkeskommune og Statens vegvesen for å fremje sykkelarbeidet i kommunane, såkalla sykkelbyavtale.

Fjell kommune har vist at dei satsar på tilrettelegging for mjuke trafikantar mellom anna i «Sykkelstrategi for Fjell kommune 2015-2018 og «Mobilitetsplan for Bildøyna». Ei viktig satsing vil vere å bygge opp om sentrumsrådet rundt Sartor og etablere god infrastruktur for dei som sykklar og går. Sykkelbyavtalen for Fjell kommune vart underteikna den 15.03.2018, og i avtalen er satsinga i dette området prioritert. Rådmannen vurderer søknaden for Fjell til å vere eit godt prosjekt som fell inn under føringar for tilskotsordninga. Tiltaket vil og bidra til eit effektivt og berekraftig transportsystem i eit regionsenter, og dette er i tråd med regionale føringar. Samla sett er dette grunnen til at fylkesrådmannen vil prioritere Fjell kommune på topp blant de store prosjekta i år.

Den andre kommunen med sykkelbyavtale i fylket, utanom Bergen, er Stord kommune. I dei siste åra har det vorte gjennomført fleire gode prosjekt under paraplyen «Sykkelbyen Stord». Prioritet 3 på lista for omsøkte prosjekt er eit viktig siste ledd i tilrettelegging for gåande og syklande langs fv. 61 frå Leirvik sentrum til barne-, ungdomsskule og idrettsanlegg på Rommetveit nord for sentrum. Fylkesrådmannen meiner det er viktig å få eit samanhengande godt tilbod til skuleungar og andre som trafikkerer strekninga på sykkel og til fots.

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet godkjenner søknaden.